

# KYRKJEBLAD


B



FULLDISTRIBUSJON

RETURADRESSE:

Vullum Design as  
Pb. 122, 6659 Rindal



September 2010

«Lyft auga og sjå åkrane, korleis dei kvitnar mot hausten!» Joh 4,35

Nr. 4 - 70. årgang

## Kornåkeren

NoS nr.537

*Eg har ein kornåker  
utanfor glaset —  
ei verd full av levande liv.  
På blågrøne strå  
skyt det lodne kornaks  
som svaier i vinden  
ved jonsoktid.*

*Eg gler meg og ser  
på dei gulgrøne voner  
av unge saftige korn,  
— men morshjarta ottast  
for alt som kan hende,  
som om dei var mine born.*

*Når harde elingar  
går gjennom natta,  
da må eg opp for å sjå  
om nokre av stråa  
blir slegne til jorda,  
eller kanskje dei greier å stå.*

*Eg ser korleis kornstråa  
står der og kjempar  
mot skiftande ver og vind —  
men slik blir dei sterke  
og modne til hausten,  
så kornet kan bergast inn.*

Randi Hatle



## Arbeidskrise

« Grøda er stor, men arbeidsfolka er få.» Jesu ord har vorte svært aktuelle i kyrkja vår i ei tid med små ressursar, både personalmessig og økonomisk. Med 44 færre presteårsverk siste år og vakante stillingar som ikkje blir lyst ut, men står ledige med minimal betening, og det ikkje er midlar til vikarar ved sjukdom eller for ferieavløysing, da slit det på dei som er i teneste og på kyrkjelydane. Når det ikkje er gudsteneste på fleire veker, da er kyrkjelyden sveltefora og Guds kyrkje er lidande.

Det ser heller ikkje lyst ut for framtida når rekrutteringa til presteyrket og andre stillingar i kyrkja går nedover. Dei unge ynskjer ikkje å bli prestar, og mange ordi-

nerte prestar går ut av prestetenesta.

I fjor vart berre 40 nye prestar ordinerte, mot 56 i 2005 og 61 i 1998. Dei siste to åra er det ordinert fleire kvinner enn menn. Så etterkvart kan presteyrket bli eit kvinnedominert yrke, noko som ein ikkje veit kva vil bety for kyrkjelydane og kyrkja.

No startar eit nytt arbeidsår, med nye kall og nye oppgåver, både for tilsette medarbeidarar og frivillige, for kvinner og menn. Ikkje minst trengs det dyktige arbeidarar i trusopplæringa som skal vidareførast.

Jesu svar på vår krise er: «Be da han som er herre over grøda, at han må senda folk til å hausta inn grøda si.»



815 33 300  
Kirkens SOS



# ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00  
 Telefaks 71 29 38 28  
 E-post sokneprest: petter.dahle@  
 gjemnes.kommune.no  
 Biletet: Øre kyrkje

## Friluftsgudstenester.

I år har kyrkjelydane i Gjemnes og Øre samlast til friluftsgudstenester både på Ikornneset, ved Atlanterhavsvegen og på Svanavollen. Den store Guds katedral gjev ekstra dimensjonar til gudstenestene - uansett ver. Både på Ikornneset og Svanavollen kom det nedbør, men berre i form av regn. På Svanavollen regna det til og med ganske jamt både i håret og grauten, men folk tok ut likevel. Ved Atlanterhavsvegen vart det ein vakker dag med sol og vidt utsyn over havet etter dagar med mykje regn. Folk grilla og åt niste, og borna vart utfordra i rebusløp.

Vi satsar på friluftsgudstenester neste år også!

*Foto: Gunnar Sødal*



## Vegkirke i Gjemnes

Gjemnes kirke ble holdt åpen 4 uker også i sommer. Mange stopper ved kirka som ligger fint plassert på høyden like ved brua over Gjemnessundet. Mange stikker også innom kirken – flere i år enn i fjor – mer enn 500 personer. Folk fra menigheten og med tilknytning til menigheten tar sin tørn som vertskap i kirka disse ukene.

For disse var det samling for kirkeverter etter avsluttet sesong i slutten av august. Menighetsrådet diskuterte opp med varmmrett og kaker, sognepresten hadde ord for dagen og det var allsang, utlodning og glimt fra siste års sommersesong. I år hadde vi også hyggelig besøk fra Tingvoll, da prostens med mann var sammen med oss denne kvelden.

## Arbeid for barn og unge

Etter at Marie Hovde Drøpping slutta som medarbeidar i Gjemnes og Øre, har vi ikkje lukkast å få nokon til å gå inn i denne stillingen fullt ut. Men kyrkjeverje og klokkar Aud Toril Gagnat har overført noko av sitt arbeid frå klokkarteneste til konfirmanntarbeid. Dessutan vil Åse Hoem vere med på enkelte samlingar – som konfirmanthelg mm. - saman med konfirmanntane, og elles i nokre opplegg for barn og unge. Vi ønskjer Åse velkomen som medarbeidar!

## Populær dåpsklubb

Over 8 000 barn er medlemmer i Noregs største og einaste dåpsklubb, TRIPP TRAPP.

Dåpsklubben TRIPP TRAPP er eit tilbod til foreldre, besteforeldre, fadrar eller andre vaksne som ønskjer at eit barn dei er glad i skal få opplæring i kristen tru. Tre gonger i året får barnet tilbod om ein pakke frå IKO-Forlaget. Pakkane inneheld bøker, CD-ar, DVD-ar, tøyprodukt eller noko anna.

– Klubben tilbyr produkt til heimen som barn og foreldre kan bruke saman. Dei kan lese, lære og undre seg over innhaldet i bøkene, lytte til CD-ane og sjå DVD-ane i fellesskap, seier Cecilie Holdø som er dagleg leiar av klubben.

Ønskjet med klubben er å formidle bibel-forteljingar til barna, men også å presentere gode skjønnlitterære forteljingar for dei. Holdø meiner slike forteljingar kan formidle at livet er meir enn det vi kan ta og kjenne på. – Å hjelpe barn til å leve livet og finne meininga med det – det er teologi på sitt beste, seier ho.

TRIPP TRAPP er for barn mellom 0-12 år. Klubben har ingen krav til minstekjøp, og som i andre bokklubbar kan ein velje å avbestille pakkane.

– Vi ønskjer at fleire skal oppdage klubben vår, og sjå at eit medlemskap kan gjere kristentrua levande i heimen. Forteljingar, musikk, samtale og enkle ritual som å tenne lys, kveldsbønner og liknande er små aktivi-

tetar som vil styrkje fellesskapet i familien, og dessutan gi trua ein plass i barnet sin kvardag, seier Cecilie Holdø.

Sjå **HYPERLINK** ”<http://www.tripp-trapp-klubben.no/>” [www.tripp-trapp-klubben.no](http://www.tripp-trapp-klubben.no/) for meir informasjon.

Av Lena Skattum





# TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 01 23  
Telefaks 71 53 12 40  
E-post: post@kirken.tingvoll.no  
Biletet: Straumsnes kyrkje

## Jubileums- og folketonekonsert i Tingvoll

Ein av dei mange kyrkjekonsertane i Tingvoll var markeringa av 10-årsjubileet for Kulturvekkå Laurdag 24. april, ein heilt spesiell og flott konsert ved Tingvoll Kyrkjekor og Straumsnes Songlag i samarbeid med folketonemusikaren og songaren Tone Hulbækmo og ektemann Hans Fredrik Jakobsen frå Østerdalen. Dei song

og spela eit variert repertoar av folketonar frå Tynset og Alvdal til Trysil, med ein par spanske pilegrimssongar frå 1300-talet. Og ikkje minst fine religiøse folketonar.

Ekteparet trakterte 10-15 forskjellige instrument som var med i konserten, frå trøorgel, piano, pipeorgel, sekkepipe, miniatyrharpe og lyre (kopi av einaste originaleksempplar som er bevart) til fleire slags fløyter og rytmeinstrument, torader, gitar, lutt og eit vakkert arabisk strengeinstrument, kalla odd.

Fin solosong med folketoneklang, og korsongarane



Tor Strand, Tone Hulbækmo og Hans Fredrik Jacobsen

meistra det store og høgst varierte repertoar med imponerende god samklang under leiing av sin eminente dirigent og leiar Tor Strand, som også denne sommaren har arrangert mange kyrkjekonsertar.

*Tekst og foto: ERE*



Deler av kor

## Spennende samlinger på Tingvoll

I uke 25 hadde vi storfint besøk på Tingvoll! Fire biskoper med rådgivere og ca 30 teologiske studenter var på besøk. De deltok på "Veien til preste-tjenesten" (VTP) som biskopene innbyr teologiske studenter til og som er blitt obligatoriske samlinger for de som vil bli prester i Den norske kirke. Møre biskop har dette sammen med biskopene i Nidaros, Sør-Hålogaland og Nord-Hålogaland og samlingene alternerer mellom bispedømmene. Det var første gangen en slik samling var langt til Nordmøre.

Vi hadde besøk av to studentgrupper. Den første var de som var tidlig i studiet og hvor mange lurte på om tjenesten som prest kunne være noe for dem. Den andre gruppen var kommet mot slutten av sine studier og hadde et enda mer avklart forhold til at de faktisk ønsket å bli prest. Biskopene får gjennom VTP en mulighet til å bli kjent med studentene og studentene får anledning til å snakke ordentlig med en biskop med tanke på yrkesvalg. Det sikrer både at studenter kan bli bekreftet på at tjenesten som prest er noe de bør arbeide mot, men også at biskoper kan veilede studenter bort fra en slik tjeneste på et tidlig stadium om det skulle være slik. Den enkeltes samtale med biskopen er

derfor en viktig del av opplegget.

Vi hadde mange ulike type samlinger. Studentene fikk prøvd seg på morgen- og kveldsbønn, og de fikk møte prester og andre kirkelige ansatte i tjeneste. Vi var på besøk på Veøy med den første gruppen hvor vi gikk pilegrimsvandringen som er laget der og vi var på Nesset prestegård og fikk framført "Faderen" av Bjørnstjerne Bjørnson. Med den andre gruppen dro vi til Bolsøy og møtte staben der. Begge gruppene fikk oppleve Tingvoll gård og Norsk senter for økologisk landbruk hvor ansatte tok for seg temaene kosthold og økologisk landbruk. Biskop Tor B. Jørgensen knyttet opp mot dette tanker om skaperverk og økologisk bærekraft. Vi fikk også lytte til nydelig musikk ved at begge gruppene deltok på hver sin konsert.

Vi ville gjøre noe spennende om kvelden så kirketjener Edvard Røkkum laget til begge gruppene lammelår i kokegrop med ordentlig rotstuing og godt brød til. Andre kvelder grillet svinebonde Auden Bergheim svinekoteletter til den store gullmedalje. Alle var overmåte mette og tilfredse! Det smakte utrolig godt!

Hvert av kursene ble avsluttet med at biskopene hadde nattverdsgudstjeneste. Som minne om samlingen på Tingvoll og den veien de er i ferd med å starte fikk deltakerne med seg et lite kors. Edvard hadde laget form i kleberstein som han støpte en liten kopi i tinn av korsene som er i Tingvoll kirke fra den gang kirken ble innviet på 1100-tallet. Etter litt filing hadde alle et smykke til å bære om halsen til minne om dagene hos oss. Det var slitne, men fornøyde studenter og biskoper som dro hjem fra intense dager på Tingvoll.

*gaaa*

### Molde domkantori

Helgen 25. – 26. september får vi fint besøk i Tingvoll og Straumsnes. Molde domkantori med sin dirigent Dirk Hauschild kommer for å ha korseminar, delvis sammen med Tingvoll kyrkjekor. På søndagens gudstjeneste i Tingvoll deltar Molde domkantori, og senere på dagen, klokken 17, blir det konsert med begge korene i Straumsnes kyrkje



# SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 23 00  
 Telefaks 71 69 25 44  
 Åpningstider: ma-fre 09.00-15.00  
 E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no  
 Kirkeverge: Stig Rune Andreassen  
 E-post: stig@sunndal-kirke.no  
 Bildet: Middelaldarkrusifiks,  
 Romfo kyrkje

## ”Minigospel” og ”Barnegospel” i Hov menighet

Onsdag 1.sept. starter vi opp med barnekorere i Hov kirke.

”Barnegospelkoret” øver fra 18.15 – 19.00. Har du begynt i 2. klasse i høst kan du være med her.

Velkommen, og få gjerne med deg noen flere!

”Minigospel” øver fra kl.17.30 – 18.00 i Hov kirke. Denne gruppen er for barn fra 4 år og til og med 1.klasse.

Velkommen sammen med en voksen!

Barnegospelkoret skal være med å synge på 3 familiegudstjenester i høst, 2 av dem sammen med Minigospel. Vi planlegger også å framføre syngespillet: ”En glede for hele folket” av Alf Georg Østebrot i god tid for jul!



I Minigospelkoret treffer du Mona Halvorsen og Ingebjørg Charlotte P. Storset.

I Barnegospelkoret treffer du Nina Bergfjord i tillegg til organisten.

*Ingebjørg Charlotte P. Storset*

## Lysbærer i Hov

Hov kirke har fått sin lysglobe eller ”bønnestake” som den kanskje heller må kalles. Den har nemlig fått en særegen utforming. Skikken med lysglobe har bredt seg til mange kirker. Den kan spores tilbake til Kirkenes Verdensråds generalforsamling i Uppsala i 1968, da det ble satt en globelignede lysbærer ved inngangen i kirka. Den var ment å være en oppfordring til bønn for verden og misjonen. Siden har glober med forskjellig utforming kommet i mange kirker. Lysbæreren i Hov har fått en oppadstrebbende utforming som ytre sett reflekterer kirkas nygotiske stiltekk, men dypere sett ordet fra Åpenbaringen om de helliges bønner som steg opp for Gud. Lysbæreren i Hov er en gave fra Leif og Margit Vermøy og er laget av nevøen Helge Vermøy.

*Helge Storset*



## HMS dag i Sunndal

Alle ansatte som har kontorplass og arbeider i kirken satte HMS med livredning og brann på dagsorden i midten av juni.

Tema var branninstruksjonen og hva gjør vi i en nødsituasjon med livreddende funksjon. Kursledere var Steinar Hauglum fra

branntjenesten Sunndal kommune og Jonny Moen fra Falck Emergency Sunndal. Det ble gitt klar melding om at ansvarsforhold måtte tydeliggjøres og hvilke oppgaver den enkelte skal utføre i de forskjellige arbeidsoppgavene. Alle ansatte følte at dette hadde vært et viktig og godt kurs som skal følges opp.

*Stig Rune Andreassen*





## Kommentaren

# Er det slik du vil ha det?

Vi er opptatt av å verne det private. Privatlivets fred er en kjerneverdi sjøl i ei tid hvor brutte forhold og nye kjæresteforhold fyller opptil flere forsider i ukeblad og løssalgssaviser. Alt er visst ikke like privat, i alle fall ikke for alle.

Under vekkelsene i begynnelsen av forrige århundre vokste det fram et nytt uttrykk: Personlig kristen. Fra før av hadde vi uttrykk som bekjennende kristen, eller rett og slett bare kristen. Under vekkelsen ble trua personlig. Da fortalte uttrykket om en omvendelse, om et nytt og eget forhold til Kristus. I dag møter jeg en litt annen variant. Når folk blir spurt om trua si, hender det at enkelte ikke vil svare, men sier i stedet at det er personlig. Med andre ord: Trua vil de holde for seg sjøl, den har ingen noe med. Hvis det er noe som er mer norsk enn kjøttkaker, så er det at trua er en privatsak.

Virkeligheta er dobbel. På den ene sida bretter vi alt og alle ut på facebook og blogger og twitter. Der skiller vi oss ikke så veldig fra dem som lever livet i firefar-

getrykk på forsiden. På den andre sida har jeg inntrykk av at vi er mer og mer private. Vi lever livet mer og mer innfor hjemmets fire vegger. Og foran hjemmets skjerm.

Ja, men da kan jo alle gjøre som de vil, og da er da vel alle fornøyde? Tja, si det. Det virker på meg som om det har vokst fram et krav om at trua ikke bare skal være privat, den skal også være hemmelig.

Det er greit å gå i kirka hvis du har en godkjent grunn, enten du nå kjører en konfirmant eller er med i et dåpsfølge. Til nød er det godkjent å gå hvis du er i kirka for å kikke på at naboen har dåp. Men hva med dem som har valgt å gå i kirka den søndagen uten å ha alibiet i orden? Jeg har stått ved utgangen og hørt enkelte bli krysseksaminert om hvorfor i all verden de var i kirka? De var jo verken familie eller naboer til dåpsbarnet, og ikke hadde de konfirmant heller. Jeg kunne kjenne det uutalte spørsmålet dirre i lufta: "Du er vel ikke blitt religiøs!?" Men det spør de ikke om. Det er jo en privatsak, og dessuten litt hemme-

lig. Men litt inkvisisjon ved salmebokhylla kan saktens bidra til å holde folk på plass i folden, som hemmelige, private kristne.

Er det derfor dere ikke kommer igjen, dere som sto ved utgangsdøra med salme-sangen i ansiktet og tårer i øya og sa at det var så godt å være i kirka og at dere gjerne ville komme tilbake snart? Lurer dere på hva naboen vil si? Eller er det egen familie dere er litt bekymra for? Kanskje det kunne vært et bra grep å be med seg naboen eller familien?

Jeg skulle ønske at folk ikke brukte over 25 år på finne ut at den de deler seng med, også ber Fader vår under dyna hver kveld. Jeg skulle ønske den som hadde lyst til å gå til kirke, bare kunne gjøre det uten å behøve å stå rette for andre enn seg sjøl. Jeg skulle ønske at mange, mange flere kunne få oppdage hvor godt det er å kunne dele trua si istedenfor å holde den hemmelig. Mange behandler Gudstrua som det siste store tabu. Er det slik du vil ha det?

*Erik Blomstrøm*

## Kyrkjenytt

### Kristne utsett for overgrep.

Kristne bistandsarbeidarar er spesielt utsett for overgrep i enkelte land. I Afghanistan er åtte bistandsarbeidarar frå International Assistance Mission drept. Organisasjonar med kyrkjelege namn og misjon i namnet blir hengt ut i TV og klaga for å driva misjon, m.a. Kirkens Nødhjelp. I Pakistan har det vore fleire tilfelle av valdtekte mot unge kristne jenter.

I Nord-Korea blir kristne og andre truande stadig utsette for grove overgrep og risikerer livet ved å tru. I mai vart truleg 23 kristne arresterte i Nord-Korea, tre av dei vart avretta og resten sende til arbeidsleirar, der ein veit at det er umenneskelege tilhøve. Grunnen var at dei hadde samlast i ein undergrunnsmenighet. (Asia News)

### Stor interesse for Bibelen i Japan

Japan har berre 1 mill kristne, mindre enn 1 % av folketalet. Likevel sel Det japan-ske bibelselskap utrulege 1 mill biblar pr år. Det betyr ikkje at dei kristne skifter ut Bibelen kvart år, men at det er stor interesse for Bibelen mellom nye. (Ref: Nytt om Bibelen, Bibelselskapet)

### Dåpsopplæring på trappene!

Tirsdag 31. august var et viktig møte på Tingvoll menighetshus med menighetsråd, undervisningsutvalg, frivillige barne- og ungdomsarbeidere og ansatte med på kurs i hvordan vi kan lage planer for trosopplæring i Indre Nordmøre prosti. Det var ca 50 interesserte tilhørere fra hele prostiet som lyttet da rådgiver Christfried Kaul og medarbeidere presenterte planen for oss. Alle dømte barn fra 0-18 år skal nå få dåpsopplæring i kirkens regi. Det blir et spennende arbeid med å finne gode prosjekter som kan favne alle dømte barn. Vi håper at det vil skje mye spennende i tiden som kommer, vi må tenke lurt og finne smarte praktiske løsninger slik at vi kan bruke de ressursene vi får på en best mulig måte. Det er ennå ikke klart når prostiet vårt får midler til å starte for fullt.

Prost Gerd Anne Aarset



### Populære bryllaupskyrkjer

Av Norges ti mest populære bryllaupskyrkjer ligg ei i Møre bispedøme, nemleg Borgund kyrkje, med 61 vigslar. Den mest brukte er Sola ruinkyrkje med 102 vigslar.

*«Kirken er for meg først og fremst et hjem. Og jeg håper at den kan være det for alle som søker seg dit. Det er et sted jeg kommer til når det er store anledninger i livet, men også hvis jeg kjenner at livet er krevende. Jeg er utrolig glad i kirka. - Jeg traff den menigheten (Tøyen kirke) på en tid i livet mitt da det skjedde store forandringer. Da var det godt å komme til et sted hvor jeg bare kunne være meg selv. Over altertavla står det «Han gir den trette kraft». Det tar jeg med meg ut av kirka og inn i min hverdag.»*  
Kronprinsesse Mette Marit i samtale med prest Per Arne Dahl i Nidarosdomen.

Neste nummer kjem  
veke 43. Frist for  
innsending av stoff er 6. oktober.



### Gudstjenester.

#### 17. s. e. pinse, 19. september

Luk 7,11-17

- Halsa kirke kl 11:00 Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Presentasjon av høstens konfirmanter. Treff for 50-årskonfirmanter. Takkoffer til menighetsarbeidet.
- Gjøra kapell kl 11:00 Storset Hausttakkefest. Utdeling 4-årsbok. Kyrkjekaffe
- Hov kirke kl. 11:00 Nattverd Mette Boye.
- Øye kyrkje kl.11:00 Familiegudsteneste. Hausttakkefest. L.E.Grutle. Konfirmantpresentasjon. Utdeling biblar. Takkoffer til søndagsskularbeidet
- Åsskard kyrkje kl. 11:00 Hausttakkegudsteneste. Venås. Konfirmantpresentasjon. 50-års konfirmanjtubileum. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
- Straumsnes kirke kl 11:00 Høgmesse Sokneprest Cathrine Grutle Nattverd og dåp. 50 års konfirmanter Offer egen menighet
- Øre kyrkje kl.11:00 Hausttakkefest. 4-åringane får kyrkjebok. Søndagsskulens dag. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til Nordmøre søndagsskulekrets. Kyrkjekaff

#### 18. s. e. pinse, 26. september

Joh 8,31-36

- Rindal kirke kl.11:00 Familiegudstjeneste. Utdeling av bibler til 5. klassingene. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Menighetsarbeidet.
- Hov kirke kl. 11:00 Dåp Mette Boye. Takkoffer. Kirkekaffe
- Ålvundeid kyrkje kl. 20:00 Nattverd Mette Boye. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Aserbajdsjan.
- Stangvik kyrkje kl. 11:00 Hausttakkegudsteneste. Venås. Konfirmantpresentasjon. 50-års konfirmanjtubileum. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
- Tingvoll kyrkje kl 11:00 Høymesse. Prost Gerd Anne Aarset Dåp
- Gjemmes kirke kl. 11:00 Høsttakkefest. Dahle. Konfirmantpresentasjon. 4-åringane får kirkebok. Takkoffer til menighetsarbeidet. Kirkekaffi.
- Osmarka kapell kl 16:00 Familiegudstjeneste Hausttakkefest. Dahle. Takkoffer til Inst. for sjelesorg

#### Torsdag 30. september

- Åsskard kyrkje kl. 19:30 Tonekveld. Song. Instrument. Kollekt til kyrkje musikalsk arbeid.

#### 19. s. e. pinse, 3. oktober

Mark 10,17-27

- Hov kirke kl. 11:00 Nattverd Mette Boye.
- Romfo kyrkje kl. 20:00 Mette Boye. Takkoffer til Søndagsskulen i Romfo.
- Øye kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Lene Gåsvatn. Takkoffer. Gudsteneste. Venås. Konfirmantpresentasjon.
- Todalen kyrkje kl. 11:00 50-års konfirmanjtubileum. Takkoffer til kyrkje lydsarbeidet
- Øre kyrkje kl.11:00 Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til kyrkje

lydsarbeidet

#### 20. s. e. pinse, 10. oktober

1 Mos 9,8-17

- Halsa kirke kl.11:00 Familiegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Høsttakkefest. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til Halsa korvettlag.
- Valsøyfjord kirke kl.14:00 Familiegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Høsttakkefest. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til Søvasliringen.
- Hov kirke kl. 11:00 Storset. Takkoffer.
- Åsskard kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer til TV-aksjonen.
- Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Nattverd Laskerud.. Takkoffer til Solhøgda leirstad.
- Straumsnes kyrkje kl 15:00 Hausttakkefest Sokneprest Cathrine Grutle. Nattverd og dåp Offer søndagsskolen lokalt

#### Torsdag 14. oktober

Øye kyrkje kl. 19:30

Songkveld

#### 21. s. e. pinse, 17. oktober

Mark 10,13-16

- Saltroa kl.11:00 Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet. Kirkekaffe.
- Rindal kirke kl.11:00 Gudstjeneste. Nattverd. Presentasjon av årets konfirmanter og 50-års konfirmanter. Lene Gåsvatn. Takkoffer til misjonsprosjekt NMS
- Gjøra kapell kl. 11:00 Laskerud.. Takkoffer til Gjøra bedehus.
- Hov kirke kl. 11:00 Storset. Takkoffer. Familiegudstjeneste Utdeling av 4-årsbok. Kirkekaffe
- Øksendal kyrkje kl. 11:00 Boye. Takkoffer til Nordmøre Søndagsskulekrets. Familiegudsteneste
- Mo kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste. L.E.Grutle. Utdeling biblar. Takkoffer.
- Stangvik kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer til Misjons selskapet
- Tingvoll kyrkje kl 11:00 Høymesse. Prost Gerd Anne Aarset Nattverd og dåp
- Øre kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet. Kyrkjekaffi.

#### 22. s. e. pinse, 24. oktober

Matt 11,25-30

- Øvre Rindal kapell kl.11:00 Høymesse. Nattverd. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Menighetsarbeidet.
- Hov kirke kl. 11:00 Nattverd Laskerud..
- Ålvundeid kyrkje kl. 19:00 Kulturkveld/konsert Ole Kristian Gundersen/ Rune Tylden. Kollekt
- Ranes kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste. Utdeling biblar. Takkoffer.
- Todalen kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer til Nordmøre søndagsskulekrets
- Straumsnes kyrkje kl 11:00 Presentasjonsgudstjeneste konfirmanter Sokneprest Cathrine Grutle. Offer: egen menighet ungdomsarbeid
- Tingvoll kyrkje kl 16:00 Presentasjonsgudstjeneste konfirmanter Sokneprest Cathrine Grutle
- Gjemmes kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Flyktningrådet /TV-aksjonen. Kirkekaffi.
- Angvik bedehus kl. 16:00 Gudsteneste. Dahle. Takkoffer til Amatheia.

#### Onsdag 27. oktober

- Tingvoll kyrkje kl 19:00 Skriftemålgudstjeneste. Prost Gerd Anne Aarset

#### Bots- og bededag, 31. oktober

Luk 13,23-30

- Halsa kirke kl.11:00 Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.
- Rindal kirke kl.11:00 Bededagsgudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til

## Ord mot ord

*Nå tok Satan Jesus med opp på ett av tempeltakene og utfordret ham: «Hvis du virkelig er Guds Sønn, kan du vel hoppe ut herfra. Gud vil sikkert sende noen engler som beskytter deg, slik at du ikke blir knust mot steinene der nede. Det står jo i Skriftene at de skal bære deg på hendene.»*

«Ja, det står det. Men det står noe annet også,» svarte Jesus. «Du skal ikke sette Gud på prøve.»

(Matteus 4, 5-7 / Lukas 4, 9-12)

Denne samtalen er meget viktig. Etter min mening skulle den blitt skrevet i Bibelen med stor skrift eller en annen skriftfarge!

Fordi her står det ord mot ord, hellige ord fra det gamle testamentet som blir brukt mot hverandre.

Om Satan her er bare en indre stemme fra Jesus, en annen person eller en ånd i luften, det er ikke viktig. Det avgjørende er at Den Onde bruker Guds ord til å forføre mennesker. I denne sammenhengen betyr det enkelt at Jesus skal ta selvmord. Han skulle hoppe ned fra tempelmuren i Jerusalem.

Denne historien forteller oss at det er nødvendig å ha kunnskap om Guds Ord, det er livsviktig å kjenne de gode ordene fra Bibelen. Ordene som beskytter liv og helse.

Slik fortsetter historiene om Jesus, han er en lærer og lege som hjelper mennesker i nød. Men før det kan skje, må han først være klar i sine egne tanker. Han må elske sitt eget liv for å elske alle mennesker. Det er en forutsetning.

For det andre forteller denne historien meg, at man kan ta gale avgjørelser i livet hvis man ikke har nok kunnskap om Guds ord. Hadde Jesus ikke svart på utfordringen fra Satan, så hadde han trodd på dette ordet fra Salmenes bok i Bibelen og hoppet ned fra tempelets mur i Jerusalem. Han hadde sannsynligvis dødd eller fått store helseskader, kanskje en lammelse for resten av livet.

Jeg tenker på alle som lever mer eller mindre etter Guds ord og handler feil fordi de ikke kjenner helheten. Det var noen av de tyske kristne som levde etter det Paulus ordet: Vær lydige mot myndighetene, for det er Gud som har satt dem der. Det finnes ingen øvrighet uten at Gud har gitt den myndighet. (Romerbrevet 13)

De mente at både en diktator som Hitler og kommuniststyret hadde med dette sin legitimasjon og alt var Guds vilje. Som studenter ble vi advart mot dette ordet fra Paulus brevet til romere kapittel 13.

Eller jeg tenker på alle de kvinner som

fortsatt lever i et meget ondt ekteskap og mener selv at dette er ønsket fra Gud. Det står skrevet i Bibelen: Dere kvinner som er gifte, skal underordne dere under mennene deres. Da vil de, om de nekter å høre på dere når dere snakker til dem om Herren, bli vunnet ved det rene og gudfryktige livet dere lever. (1. Peter, 3)

Enda mer komplisert er dette ordet: Men jeg sier: Sett dere ikke imot den som gjør ondt imot dere. Hvis du blir slått på det ene kinnet, så vend også det andre til! (Matteus 5, 39)

En slik innstilling i livet vil føre på avveier. Gud vil ikke at vi blir skadet, derfor helbreder Jesus. Hvis kristne ikke forsvarer seg mot det onde og mot ondskapsfulle mennesker, så fører dette kun en vei. Og den veien går mot stor lidelse og død, mot Auschwitz.

Men Gud vil at alle mennesker skal leve, selv om de dør. Det finns det evige livs håp!

Slik blir de få ordene i denne samtalen mellom Jesus og Satan interessante og meget viktige i Bibelens sammenheng. Derfor skulle dette skrives med stor skrift eller en annen skriftfarge.  
Silvio Krauss

## Lederskifte i KABB

Turid Kind Ekroll, KABB

- Skrekkblandet fryd, det tror jeg dekker noe av det jeg kjenner på nå. Dette er noe jeg har lyst til og jeg tror jeg har noe å bidra med. Men samtidig kjenner jeg på alvoret ved å gå inn i en slik stor oppgave, sier Magne Bjørndal (51).

Han ble enstemmig valgt som ny leder i KABBs landsstyre under generalforsamlingen på Beitostølen.

Magne Bjørndal er sokneprest i Austrheim i Nordhordland. Dit kom han for et år siden fra prestestilling i Rindal på Nordmøre. Han har tidligere hatt tillitsverv i KABB, og har også vært ansatt i organisasjonen. Han er gift og har to voksne sønner.

Om saker han spesielt vil prioritere som styreleder, svarer han:

- Det vil alltid være viktig å spre KABB-idéen og KABB-visjonen videre ut, både til flere blinde og svaksynte og til andre lesehemmede som kan ha nytte og glede av oss. Det er særlig viktig å nå og rekruttere barn og unge slik at ikke KABB dør ut med de eldre generasjonene. Det er også viktig å nå bredere ut til støttespillere og myndigheter av forskjellig slag. Få fortalt hva vi gjør og hva som er viktig for oss.

Magne Bjørndal understreker også fellesskapsdimensjonen som svært viktig.

- At vi treffes, er sammen og ser hverandre. Selv om vi er blinde eller svaksynte så må vi bli sett. Vi trenger å bli sett slik vi er, ikke bare som den synshemmede. Vi trenger at begrensningene, og det vi må ha hjelp til, blir tatt på alvor, men også

mulighetene våre, og det vi kan brukes til, sier den nye styrelederen – som også vet at KABBs økonomiske situasjon alltid trenger oppmerksomhet og stadige initiativ.

Med seg i styret har Bjørndal Irene Bøhn, nestleder, Per Ivar Helle, sekretær, Solveig Blix og Kirsten Sundbø, styremedlemmer. Varamenn er Per Ragnar Aas, Einar Kippenes og Wenche Odden.



Hov kirke kl. 11:00

Romfo kyrkje kl. 11:00

Øye kyrkje kl. 11:00

Stangvik kyrkje kl. 18:00

Straumsnes kyrkje kl 11:00

Øre kyrkje kl.11:00

Den norske kirke i utlandet.

Boye. (NB. Slutt på sommertid.)

Nattverd Storset. Takkoffer til Søndagsskolen i Romfo.

Gudsteneste. L.E.Grutle. Takkoffer

Konsert. Lone Eines, sopran, / Oddveig Helset Halle, orgel

Bots og bededag. Prest Petter Dahle Nattverd

Offer: Tv-aksjonen Flykningehjelpen

Bededagsgudstjeneste. Gerd Aarset. Takkoffer til Norsk misjon i Øst.

## Temakvelder i Tingvoll

Soknerådet og Normisjon arr. i fellesskap temakvelder på Tingvoll Menighetshus.

18.okt. kl. 19:00

Mediaundervisning over tema: Hvem er Jesus? Hvorfor måtte Jesus dø?

25.okt. kl. 19:00

Mediaundervisning over tema: Hvordan kan jeg tro?

Hvorfor og hvordan kan jeg be?

## DØYPTE — VIGDE — DØDE

**Døyppte**

HALSA  
15.08 Bror Betten.  
15.08 Viggo Oddvar Rosvoll.  
18.07 Oda Fu Zhe Rund.  
13.06 Astrid Elisabeth Mellbye. Døpt i Værnes kirke.  
VALSØYFJORD  
09.05 Nadja Imamovic Hestflått. Døpt i Valsøyfjord kirke.  
RINDAL KIRKE  
02.05. Simen Rognskog  
02.05. Mari Jonli Anshus  
20.06. Anna Børset  
20.06. Ane Bakk Solem  
20.06. Anne Tonning Negaard  
ROMFO  
08.08. Caroline Eikrem  
Hov  
13.05. Oliver Rønningen  
23.05. Aurora Sundstrøm Wilberg  
03.07. Emma Riise Vareide  
04.07. Torje Erstad  
15.08. Isabel Sofie Kiplesund  
ÅLVUNDEID  
24.05. Lilly Bråten Mo  
27.06. Marvin Christopher Brun Karrestad  
25.07. Sunniva Mo Ribe  
25.07. Ada Semundseth Olsen  
25.07. Hedda Nerdal  
25.07. Mie Kristoffersen  
15.08. Alva Tangen Johnsen  
STANGVIK  
23.05. Even Rodal Haugen  
23.05. Anna Vikan  
23.05. Håkon Mogstad  
23.05. Jacob Svinvik Holmeide  
23.05. Aron Husby Aamodt  
27.06. Thea Marie Raneshenriksø  
15.08. Espen Strand  
15.08. Ailo Krangnes Røen  
TODALEN  
13.06. Isac Elian Saksen-Sydow  
13.06. Trygve Aleksander Halle  
11.07. Shan Allan Halle  
11.07. Jens Sancho Hadraque Ansnes  
11.07. Iver Tøllefsen Sæterbø  
ÅSSKARD  
08.08. Levion Øysteinson Sollid  
ØYE-RANES  
30.05. Elise Sundli  
27.06. Julie Mikkelsen  
11.07. Sigurd Berg Kvendset  
11.07. Mathias Lindvåg  
25.07. Mari Netland-Ebbesen (døpt i Brønnøy)  
01.08. Vebjørn Bøklepp  
01.08. Ada Melling Lesund  
01.08. Håkon Moe Kvendbø  
01.08. Ingrid Oline Paulsen  
01.08. Anna Aune Møkkelgjerd  
01.08. Leander Andreassen  
22.08. Sunniva Haltli  
22.08. Martine Telstad Øyen  
STRAUMSNES  
06.06. Live Hovslien Kvisvik  
06.06. Andrea Hovslien Kvisvik  
06.06. Amalie Brevik Eide  
13.06. Jonas Mc Garrighan døpt i Årstad kyrkje  
TINGVOLL:  
24.05. Linnea Birkestøl  
13.06. Marius Holmeide

27.06. Mari Holen Bergem  
27.06. Emma Sofie Resell Sæterbø  
27.06. Martinus Rønningen Kringstad  
25.07. Mie Kristoffersen døpt i Ålvundeid kyrkje  
05.09. Brage Aarvik Nylund  
ØRE  
13.06. Mathea Rønning Undlien  
13.06. Aron Aakvik Kvalvaag  
11.07. Tiril Marie Furset  
11.07. Martin Bjerkeset Warvik  
11.07. Dennis Ølander Sørvik  
15.08. Henrik Ulset Høyem  
15.08. Olai Helgheim  
**Vigde**  
HALSA  
14.08. Hanne Bjerknes og Nils Gunnar Brun Kanestrøm.  
07.08. Silje Melø og Torgeir Strand Fjelnset.  
03.08. Kaia Benedikte Smevoll og Henrik Halvorsen.  
26.06. Kirsti Gulbrandsen Nilsen og Rune Sættem Nessæther.  
22.05. Trine Reinfjell og Jørn Ola Engdal.  
ROMFO  
22.05. Zoraida Maria Gonzalez Pulgar og Olav Gravem Viet i Gjøra kapell  
HOV  
12.06. Eldbjørg Bøe og Arne Søyseth Viet i kapellet på Leikvin  
03.07. Ragne Riise og Kenneth Vareide  
31.07. Ola Ørsal Kvande og Annike Brouwer  
ØKSENDAL  
26.06. Mari Stave og Johan Hessedal  
17.07. Marianne Hovde og Eivind Nedland  
ÅLVUNDEID  
19.06. Elsa Jorid Innerdal og Inggard Røhjell Viet i Innerdalen  
STANGVIK  
29.05. Kari Taffjord og Lyder Møkkelgjerd  
17.07. Ann Torild Petersen og Ruben van Tienen  
21.08. Kjersti Sponås og Leiv Bæverfjord  
ÅSSKARD  
14.05. Turid Settem og Geir Eggen  
ØYE-RANES  
22.05. Christel Roaldset og Ola K. Bæverfjord  
28.05. Olga Viktorovna Otdelnova og Helge Ivar Holten  
29.05. Stefka Georgieva og Einar Drøpping  
12.06. Britt Mari Gjeldnes og John Røen  
10.07. Hildegunn Henden og Lars Joar Dalsegg  
16.07. Grete Fjeldset Øyen og Ihsan Ulus  
29.07. Elvira Vershinina og Jarle Bergheim  
28.08. Toril Moe og Håvard Stensønnes  
MO  
22.05. Nina Dalsegg og Sindre Hognestad Velsingning:  
19.06. Heidi Kristine Fugelsøy og Silvio Krauss  
STRAUMSNES  
31.07. Soledad Valdivia Riviera og Håvar André Sivertsen Solheim  
04.09. Aslaug Merete Myhre og Jan Erik Nastad  
TINGVOLL  
17.07. Elisabeth Romundstad og Mikael Hoem Brunsvik  
07.08. Lotte Marit Solli og Thor Åsmund

Gulliksen  
14.08. Stine Reiten Forbord og Sindre Resell  
14.08. Ann Kristin Bergslid og Øyvind Rolland  
ØRE  
15.05. Monica Holtan og Svein Kristen Aspås, vigde i Osmarka kapell.  
29.05. Mari Elisabeth Stensrud og Harald Frode Fredrickson  
11.07. Camilla Olsen Ølander og Jon Kristian Sørvik  
31.07. Christina Walter og Svein Arild Eikemo  
07.08. Marianne Mathisen og Gunvald Jendor Pedersen  
28.08. Kristine Punde og Bjørn Inge Naastad  
GJEMNES  
10.07. Ingunn Hjelkrem og Yngve Rangnes Vean  
28.08. Elin Glomstad og Johan Aimar Brandvik  
**Døde**  
HALSA  
23.08. Marit Engdal f. 1911  
23.07. Ellen Helma Engdal f. 1924  
02.06. Magnar Løvik f. 1929  
24.05. Ottar Landstad f. 1931  
05.05. Harriet Reginne Width Hestnes f. 1920  
09.03. Halvor Stokke Rodal f. 1933 (Urne nedsatt i Valsøyfjord).  
24.09.09. Hans Blekken f. 1947 (Urne nedsatt på Halsal).  
RINDAL KIRKE  
26.04. Olav O. Løset f. 1921  
03.05. Edel Harriet Henden Haltli f. 1938  
10.05. Ida Halvorsen f. 1917  
06.06. Johan Holte f. 1922  
04.07. Olaf Skjermo Fiske f. 1919 (Gravlagt Mo kyrkjegard)  
26.07. Guri Løseth f. 1925  
04.08. Jenny Reitan f. 1929  
10.08. Berta Aune f. 1916  
ØVRE RINDAL KAPELL  
24.07. Jon Hermundslid f. 1921  
ROMFO  
22.04. Margrete Gravem f. 1928  
21.05. Peder Vik f. 1926  
23.07. Gunvor Almhjell f. 1911  
05.08. Magnar Bjørbekk f. 1926  
HOV  
23.04. Amanda Reinseth f. 1915  
22.04. Ola Bolme f. 1923  
23.04. Ane Marie Fuglevaag f. 1918  
29.04. Betsy Innerdal f. 1916  
09.05. Sigrid Midttun f. 1915  
06.05. Harald Olaf Antonsen f. 1946  
19.05. Oddgeir Sjøthun f. 1959  
21.05. Oleif Erling Hanaset f. 1932  
28.05. Ola Øyen f. 1935  
03.06. Bjørn Oddmund Bruseth f. 1927  
19.06. Jørdis Jeanette Holmen Mikkelsen f. 1935  
21.06. Audun Hovland f. 1932  
26.06. Hans Hilmar Odland f. 1936  
04.07. Erling Kvande f. 1927  
14.07. Harald Johnsen f. 1944  
15.07. Odd Arne Resell f. 1965  
25.07. Ragnhild Ottem f. 1916  
29.07. Kåre Hans Strømme f. 1926





# HALSÅ

## Halså - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38  
 Kirkekontoret 71 55 96 39  
 E-post kirkeverge:  
 kirkeverge@halsa.kommune.no  
 Bildet: Halså kirke

### Start

Så kom regnet  
 først skodde nedover fjella og i  
 skogene  
 over stiene og vekstene – over alt vann.  
 Kjøligere vinddrag som varte  
 lindrende så lenge at  
 regnet plasket ned  
 i bakken  
 og alt i mitt eget sinn  
 ble kledd i tidlig høstskappe  
 som starten på årstiden -  
 årstiden som behjelpelig  
 demper inntrykk  
 etter en sommers  
 blanke, blendende  
 virkning på  
 en følsom, levende hjerne.

*Eldrid Dyrset*



KONFIRMANTER I VALSØYFJORD  
 KIRKE 09.05.2010

Fremste rekke fra venstre: Marius Løwe,  
 Liv Bjerknes, Tor Albert Fjærli Haltbakk,  
 Lena Snekvik Nilsen, Kristen Røe (stående)

Midterste rekke fra venstre: Elin Botten,  
 Robert Halse Lervik, Nadja Imamovic Hest-  
 flått

Bakerste rekke fra venstre: Mariel Døn-  
 heim Hovde, sokneprest Erik Blomstrøm,  
 Jenny Gulbrandsen



KONFIRMANTER I HALSÅ KIRKE  
 16.05.2010

Fremste rekke fra venstre: Elin Anita Kvis-  
 vik, Oda Reiten Fjærli

Midterste rekke fra venstre: Berit Hauge  
 Aakvik, Olav Kåre Dønheim, Trine Pettersen

Bakerste rekke fra venstre: Sokneprest  
 Erik Blomstrøm, Øystein Seter, Øyvind Liabø  
 Fjeldstad, Margareth Baardset Kroknes,  
 Maren Kalset Halle

« Du har rett til det andre  
 har mye av og plikt til å gi  
 det du selv har for mye av.»

*Erik Dammen, grunnlegger av  
 «Framtiden i våre hender» etc.*

## Forts. DØDE

### ØKSENDAL

16.05. Ingrid Aspen f. 1927  
 21.05. Anders Hjelden f. 1932  
 08.06. Olga Melkild f. 1922  
 14.07. Guro Engelstad f. 1921

### ÅLVUNDEID

12.05. Helene Hovdenak f. 1948  
 12.08. Ragnvald Haugen f. 1921

### STANGVIK

12.07. Ragnhild Oddbjørg Røsand  
 f. 1922

### TODALEN

20.05. Brit Halle f. 1922  
 05.06. Ruth Todalsaug f. 1926  
 24.06. Kristoffer Gjeldnes f. 1914  
 09.08. Per Nordvik f. 1920  
 19.08. Torbjørn Husby f. 1923

### ÅSSKARD

17.05. Karen Solem f. 1924  
 04.08. Petter Handberg f. 1987  
 23.08. Gunnar Steiro f. 1936  
 ØYE-RANES

05.05. Johanne Dalsegg f. 1925

19.05. Borghild Margrete Sæter  
 f. 1920

24.05. Gunvald Rød f. 1924

27.05. Magnhild Kvendbø f. 1922

28.05. Erling Sylte f. 1955

13.08. Dagny Røv f. 1920

14.08. Bjarne Skralthaug f. 1931

### MO

14.05. Ingolv Moen f. 1934

18.05. Lars M. Børset f. 1935

04.07. Olaf Skjermo Fiske f. 1919

16.07. Velaug Forberg f. 1926

10.08. Gerda E. Sande f. 1921

### GJEMNES

27.06. Paula Bolethe Bugge, f.1921

### STRAUMSNES

04.05. Johanne Haltvik f.1915

29.05. Einar Viken f.1933

09.07. Per Kamsvåg f.1923

23.07. Margot Ulset f.1925

25.08. Anne Petrine Grimstad f.1920

### TINGVOLL

07.05. Osvald Malmfred Hagen  
 f.1915

19.05. Solveig Karen Brevik f.1918

25.05. Kåre Jorulf Stomsvik f.1928

05.06. Johannes Røsdal f.1914

22.06. Jenny Margrethe Weiseth  
 f.1919

24.06. Helga Innerdal Husby f.1945

08.07. Kari Koksvik Nisja f.1946

29.07. Gunvor Stangvik f.1923

30.07. Bjarne Ivar Meisingset f.1925

02.08. Sigurd Magnus Vestavik f.1927

### ØRE

28.05. Auden Tore Gagnat, f.1923

19.07. Odd Nilssen, f.1922

17.07. Kjell Farnes, f.1937

Gravlagt på Røbekk kyrkjegard.

28.07. Knut Harstad, f.1923

11.08. Albert Torvik, f.1955



Kyrjekontoret 71 65 70 60  
 Telefaks 71 65 70 61  
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30  
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund@suradal.kommune.no  
 Biletet: Ranens kyrkje - Stangvik kyrkje



## Kallastua

Kallastua er eit vakkert kulturhus og minnesmerke over kunstnaren Kalla Skrøvset.

Dessverre så er huset alt for lite brukt, og drifta går med underskot.

Det er svært viktig at huset blir nyttiggjort i samsvar med Kallas ønske om eit kultursenter innanfor kunst, bedehussamling, song og musikk. Det er ønskeleg at dei som er interesserte i å ta vare på denne store arven, kan støtta opp med arrangement som også gir økonomisk inntekt til drift av huset.

Styret arbeider med å få lagt drifta inn under kulturetaten i kommunen, slik som Åsen bydemuseum og Kleiva. Dessutan er det vedteke å bruka midlar på ei praktisk tilrettelegging ved å få ført opp ein kjøkenbenk med vatn og avløp i andre etasje.

*Tekst og foto: ERE*



## Pinsefest

Pinsegudstenesta i år, med innleiande fokus på gamle kyrkjetradisjonar som kyrkjebåtar, hesteskyss og kostymer, samla mykje folk frå fire prestegjeld til ei fullverdig pinsefeiring.

Åsskard kyrkjekor og Todalskoret med tillegg forsterka lovsongen og gleda over pinsebodskapen. Det var også mykje dåpsfolk og bortimot full kyrkje.

På kyrkjebakken framførte klokkar Sverre kunnngjerigar i høgtideleg gammelt kanselispråk.

*Tekst: ERE Foto KF*



## Songkveld i Øye

Torsdag 14.okt.kl.19.30 blir det Songkveld i Øye kyrkje med lokale songkrefter og Min Salme. Turid Røen Kroknes syng solo. Det blir nye og gamle salmar. Velkomne.

## Konsert i Stangvik Kyrkje

Søndag 31.okt.kl.18.00  
 Vi får høyre sopran Lone Eines og Oddveig Helset Halle på orgel/flygel, med eit variert og fint program.

## Barnekoret Jubilate

Søndag 31.okt.kl.18.00  
 Barnekoret Jubilate har starta på nytt semester og vi ynskjer oss mange nye medlemmer som er glad i å syngje i kor. Vi øver onsdagar rett etter skoletid i Øye kyrkje.

Ta kontakt med kantor Oddveig Helset Halle mob.97594512 for meir informasjon og påmelding.

# STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



# RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55  
Telefaks 71 66 47 01  
E-post kirkeverge:  
ingeborg.nordlund  
@rindal.kommune.no  
Bildet: Rindal kirke

## Herleg uformelt i Vålåskaret



Lene Gåsvatn  
Prest

Me møtest bokstaveleg talt på midten, Meldal og Rindal, når me lagar til familiesamling på hytta vår. Og hytta vår, det er Skarheim i Vålåskaret i Resdalen. Siste helga på august fylte kyrkjelyden opp i fyrste etasje, mens dei fleste nok tenkte eit-

kvart om at denne hytta gjerne skulle vore meir bruka. Sitjeplassar til heile kyrkjelyden på 64 menneske var det då, og det kunne nok vore råd for overnatting for halvparten. Så gjer me oss våre tankar om vidare bruk også for andre enn speidarane. Kva med ikkje-obligatorisk konfirmantleir utpå våren, om nokon fleire enn berre konfirmantane og litt for få vaksne visste at dette er artig??!

Når me kjem til fjells, vert både kleskode og eitkvart anna herleg uformelt. Det vart mesta så me kjente til kvarandre ifrå før, om me møtte kvarandre for fyrste gong. Elsa Jensvold møter som tekstlesar og klokkar, mens ektemannen Jan Sturla er trekkspejar. Ansvar er elles svært så greit fordelt: Det Meldal ikkje hadde ansvar for i fjor, har dei til jobb i år. Om omvendt. Såleis var det Meldal som hadde ansvar for kjøkenestea, som går ut på å servere saft og kaffi så me får til matpakka, samt å stå for naturstig. Men ein stad går også grensa for kva som skal vera bestemt på førehand: Fyrstepremien for naturstigen gjekk til Torkjell Orre Rye frå Storås.

*Lene Gåsvatn, forrettande prest av året.*



## Noas Ark i Rindal

”Salt og Pepper” avslutta sesongen i vår med å framføre musikalen ”Noas Ark” i Rindal kirke. Leda av Bodil Kvam Aasbø og Endre Lorentzen fikk vi oppleve et kor av solister som var trygge på oppgavene sine og presterte. De var godt assistert av ”Salt og Pepper Band”: Olav Nergård Tørset, Magne Lillegård og lederen, nybakt kantor med toppkarakter, Endre Lorentzen.

Gjennomføringa av musikalen har alle

aktørene absolutt grunn til å være stolte av. Gode skuespillere var de også. Mange kor har også noe å lære av tekstuttalen til sangerne. Pål Sande hjalp til så lyden var kjempebra både på kor og solister.

Selv om Endre nå skal ha permisjon, håper vi at vikaren, Daniel Bjørlo, hjelper Bodil Kvam Aasbø med å utvikle koret videre!

*Tekst og foto: Ole T*



## Ny rindalsorganist

Daniel Bjørlo tok over stillingen til Endre 1. juli, men var også med på sommerleirer på Gråhaugen før det. Han er fra Askim og begynner nå på fjerde året på sin bachelor i utøvende kirkemusikk ved Institutt for Musikk i Trondheim. Han skal avlegge kantoreksamen til våren. Daniel spilte piano i noen år før han for ca. 6 år siden begynte å spille orgel.



## Besøk i Rindal

Synnøve og Magne Bjørndal besøkte Rindal i sommar, og dei som var til gudsteneste i Rindalkyrkja 25 juli fekk helsa på «gammelprestefolket». Magne bar også fram ei helsing under gudstenesta og fortalte frå den nye tenesta i Austrheim.

Synnøve meiner det blir verre for kvar flytting å bli kjent med nye folk, og dei sakna venene i Rindal, men har etter kvart fått nye vener.

Synnøve har starta i ny jobb i 50% stilling som sekretær ved kyrkjekontoret i Lindås, nabokommunen, ein halv times kjøring frå bustaden. Sammen med kyrkjetenarjobb i Austrheim og lesehjelp for Magne, blir det 80 % stilling. Ho er også med og lagar kyrkjeblad der. Det heiter Kyrkjebakken og er eit meldingsblad for menighet og kommune.

ERE



Synnøve og Magne Bjørndal

# Kirkens symboler (Tingvoll)

Kirkens egentlige oppgave vil alltid være å forkynne det kristne budskapet. Dette er gitt oss gjennom ordet, både det skriftlige og muntlige.

Men ordet har gjennom kirkens historie blitt utdypet og understreket ved hjelp av en mengde symboler.

Symbolene er gjerne geometriske figurer, eller det kan være fisk, due, kornaks e.l. (som gjerne er stilisert). Hvert av disse symbolene bærer i seg et betydningsinnhold. For den som har lært å kjenne dette innholdet, vil da et enkelt symbol fungere som en hel preken.

Tre gamle kristne symboler er knyttet til Tingvoll kirke på en spesiell måte.

Stolaene i Tingvoll kirke.

PX - Symbolet er satt sammen av X (Chi) og P (Phi), de to første bokstavene i Kristus (På gresk XPISTOS).

Det er kanskje det mest brukte kristne symbol og «betyr» altså Kristus.

Det er kjent fra katakombene i Roma, og var også ofte brukt på gravstener i stedet for et vanlig kors. I de første forfølgelsestider var dette et «Skjult» kors, som var kjent bare for de innviede.

Dette spesielle korset blir kalt patriarkkors eller også erkebispekorset. Dette korset er sjelden brukt i Norge. Men i tillegg til Tingvoll kirke, finnes det også Heddal stavkirke. Hvorfor akkurat dette korset er brukt i Tingvoll, vet vi ikke. Men vi vet hva det skal symbolisere:

Det skal for det første minne om Kristi kors, men dernest om hans oppfordring til hans etterfølgere om å ta sitt kors opp og følge ham.

De to korsarmene skaper derfor to kors som organisk hører sammen. Sammenføyningen sikter til den indre samhörighet at ingen kan ta sitt kors



Patriarkkors

opp uten å få den kraften og hjelpen som Kristus gir utfra hans kors.



PX



Hjul.

Dette symbolet kan en se på mange kirkevegger fra middelalderen. Det er et tegn på kirkens biskopelige innvielse. Det skulle helst være tolv slike kors, helst tre på hver av de fire veggene. Så noen finnes sikkert under murpussen i denne kirken.

Før kirken ble vigslet, ble gjerne korsene malt røde eller svarte, og over eller under ble det gjerne festet en lysholder. Til Tingvoll kirkes 800 års jubileum ble derfor denne gamle skikken igjen levende ved at to av korsene fikk lysholder.

På kirkens innvielses- og åpningsdag måtte biskopen bruke en trapp eller stige for å nå opp når han skulle salve korsene. Senere stod de da som en påminnelse om at kirken var det hellige hus, som en gang var blitt innviet med Guds ord og bønn. Lysene ble tent hvert år på innvielsesdagen. De tolv lysene sikter til kirkens tolv apostler. (Joh åp 21,14)

(Frå eit gammelt Kyrkjeblad)

Foto: ERE

## Kyrkjeblad for Indre Nordmøre

Utgjevar:  
**SOKNERÅDA PÅ  
INDRE NORDMØRE**

### REDAKTØR:

Einy Rendal Elgsæther  
6645 Todalen  
71 66 02 81

E-post: [einyre@gmail.com](mailto:einyre@gmail.com)

### REDAKSJONSSEKRETÆR:

Ole Trygve Foseide  
976 82 829

E-post: [kyrkjeblad@gmail.com](mailto:kyrkjeblad@gmail.com)

### BLADPENGAR:

Frivillig kontingent  
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre  
Kontor Service A/S  
Postboks 72  
6630 Tingvoll  
Bankgironr.: 4050 40 46232

### SATS/REPRO/EKSP.:

Prosit Design og  
Kommunikasjon as  
71 66 50 80  
E-post: [post@vullumdesign.no](mailto:post@vullumdesign.no)  
6657 Rindal

### TRYKK:

Wennbergs Trykkeri AS  
72 88 98 00  
7075 Tiller

KYRKJEBLADET PÅ NETT:  
<http://www.rindal.kirken.no/>

Sjå menyen øvst til venstre  
på nettstaden